



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Løpenummer : 000103/08
Arkivkode : 041 &02
Sakshandsamar : Gunn Sissel Teigen
Direktenr. tlf. : 56 58 01 19
Gradering :

EIKELANDSOSEN 04.01.2008

Os og Fusaposten
Postboks 273
5203 OS

Vår ref.
Saksnr.: 07/01589-005
(Oppgje «vår ref.» når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

JOURNALFØRING AV POST I FUSA KOMMUNE

Me viser til klage på Fusa kommune sin praksis i samband med journalføring og offentliggjerjing av post som Os og Fusaposten har sendt til Fylkesmannen i Hordaland (datert 3. januar 2008). I samband med denne klagen vil me gje uttrykk for følgjande:

Me skal ikkje sjå bort frå at me i enkelte høve kan ha gjort feilvurderingar, og derfor vurderer me i desse dagar rutinar og praksis rundt journalføring og offentliggjerjing av postlister. Men me kan likevel ikkje akseptera påstanden om at dette er gjort konsekvent.

Det vil alltid vera knytt ei vurdering til om eit dokument skal vera unnateke offentleg innsyn eller ikkje, og det må vera ein balanse mellom effektivitet og kor grundig slike vurderingar skal gjerast.

Likevel kan me erkjenja at programvara me nyttar ikkje har vore god nok, og følgjeleg har ikkje postlistene vore gode nok. Me vil difor innføra eit nytt elektronisk arkivsystem, og installera det så fort som mogeleg. I mellomtida vil me leggja om dagens praksis slik at me offentliggjer journalen i fullstendig form, men at me manuelt sikrar at opplysningar som ikkje kan offentliggjerast vert strokne.


Me seier oss leie for at Os og Fusaposten ikkje har fått svar på brev av 16. oktober, og vil følgja opp dette og senda svar så fort det er praktisk mogeleg.

Me vil presisera at Fusa kommune sjølvsagt ikkje kan ha ein praksis med føring av postlister som ikkje er i pakt med lovverk og føresegner, og dersom me ikkje har klart det, så seier me oss leie for dette. Me vil gjera vårt beste for at dette ikkje skal skje i framtida.

Med helsing



Hans S. Vindenes
ordfører



Roald Sangolt
fung. administrasjonssjef

Kopi:

Kontrollutvalet i Fusa kommune v/ Carl Johan Haugen
Formannskapet i Fusa kommune
Statsarkivet i Bergen
Riksarkivaren
Norsk presseforbund v/ Kristine Holm